



Fyresdal kommune

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2009

Prioritert plan for trafikksikring i Fyresdal

- Punkt 1: Gang- sykkelveg langs fylkesveg 355 på strekninga frå Kommunehuset til Molandsmoen. Dette tiltaket vil gjere skulevegen tryggare for mange skuleelevar.
- Punkt 2: Fullføre gateljosstrekninga langs fylkesveg 355 frå hotellet til Molandsmoen. I dag er det kun strekninga frå Bankkrysset til Bondal, ca. 500 m. som har gateljos som stettar Statens vegvesen sine krav. Utviklinga på Molandsmoen med ny forretning, bensinstasjon og mange arbeidsplassar gjer at strekninga har mange mjuke trafikantar. Det er naturleg å sjå på punkt nr. 1 og 2 som del av same tiltaket.
- Punkt 3: Ny avkøyring frå fylkesveg 355 med ny veg til helsehuset, barnehagen og Gimle skule. Denne omlegginga av eksisterande veg, fortaug og busslommer vil auke trafikktryggleiken for skuleelevane. Området har og stor aktivitet på kveldstid. Det er viktig at det her vert lagt til rette for funksjonshemma.
- Punkt 4: Forlengje dagens 60 km sone langs fylkesveg 355 til nord for Skeisteinen på Molandsmoen. Som nemnt i punkt 2 har strekninga mange mjuke trafikantar.
- Punkt 5: Legge til rette for to busslommer på Veum, ei ved Haasum og ei i Hegglandsgrend. Desse må merkast og brøytast. Det er viktig at skuleelevar kan gå på og av bussen på ein tryggast mogleg måte.
- Punkt 6: Gateljos langs fylkesveg 355 i Hegglandsgrend på strekninga frå Grendehuset (barnehagen) til Lislestog. I dag har strekninga nokre få spreidde punkt som ikkje stettar Statens vegvesen sine krav.
- Punkt 7: Tydeleg skilting av parkeringsplassar for funksjonshemma. To stk. ved ICA og Joker og ein ekstra brei ved NAV kontoret. Det er viktig at skiltinga er synleg om vinteren.
- Punkt 8: Generell rydding av vegetasjon langs vegkant og i siktsoner.
- Punkt 9: Vurdere 60 km sone langs fylkesvegen i Birtedalen på strekninga frå Haugen til snuplassen i enden av vegen. I periodar med mange hytteturistar er det relativt mange mjuke trafikantar langs strekninga. Sette opp 3 lyspunkt, eit ved Birtevegen, eit ved Søgardsjordet og eit ved snuplassen.
- Punkt 10: Vurdere tiltak for å minske trafikken og farten langs Sitjevegen i Tøddebakkane.

Punkt 11: Gateljos i Tøddebakkane frå Sitjevegen og opp i stikkvegane til venstre i byggefeltet.

Punkt 12: Gateljos langs gamleveg til Sørbygda.

Ketil O. Kiland	Hallgeir Lund
rådmann	avdelingsingeniør